



Notat

Dato: 08.02.2018
Arkivsak: 2018/7448-2
Saksbehandlar: hanglop1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fellesprosjekt datasenter - BKK, Invest in Bergen og Hordaland fylkeskommune

BKK og Hordaland fylkeskommune, med Invest in Bergen på laget, skal samarbeide om tilrettelegging for etablering av eitt eller fleire større datasentre i Hordaland innan 2020 gjennom eit samarbeidsprosjekt. Mange internasjonale aktørar viser interesse for etablering av datasentre på Vestlandet, men aktørane etterlyser eit ferdig totaltilbod for å kunne vedta etablering.

Etablering av datasenter er venta å gi mange positive lokale og regionale effektar, mellom anna arbeidsplassar. Ei datasenteretablering i vår region vil også generere inntekter til dei offentleg eigde kraftselskapa.

For å få fram aktuelle datasenterlokasjonar i Hordaland har samarbeidsaktørane i prosjektet tidlegare gjennomført eit forprosjekt der alle kommunane i fylket vart invitert til å mælda inn næringsareal som vart vurdert som eigna for etablering av datasenter. Responsen frå kommunane var svært god og det vart meldt inn heile 32 lokasjonar frå 13 kommunar i Hordaland.

Konklusjonen, etter å ha kartlagt alle areaala frå forprosjektet, er at det er grunnlag for å kunne etablere større datasentre i Hordaland gjennom å utvikle og ferdigstille eit totaltilbod på eigna lokasjonar og tomter. Rapporten frå forprosjektet er vedlagt.

Det nye prosjektet skal gå over to år, med opsjon på eit tredje år. Økonomien i prosjektet er basert på NOK 2,3 mill. i årleg driftstilskot frå BKK, fylkeskommunen og Invest in Bergen

Den felles finansieringa realiserer ein prosjektleiar i 100% stilling, samt drift av prosjektet. BKK yter i tillegg kompetanse på energi og fiber med 30% årsverk for egen rekning. Invest in Bergen bidrar med kompetanse på planarbeid/ regulering og kommunikasjon med 30% årsverk for eigen rekning. Fylkeskommunen ved Regionalavdelinga dekker kostnader med administrative støttefunksjonar samt bidrar med 1 mill kr i tilskott frå HNH til å felles finansiering i prosjektarbeidet. Finansieringa er vedtatt av styringsgruppa for prosjektet.

Styringsgruppa er sett saman av fylkesdirektør Bård Sandal (HFK), Tone Hartvedt (Invest in Bergen), Ingrid Velken (BKK) og Thor André Berg (BKK). Ein oversikt over prosjektet er vedlagt.

VEDLEGG:

1. «Avklare mulighetene for å realisere ett eller flere datasentre i Hordaland. Rapport frå forprosjekt - desember 2017
2. Mandat for datasenter-lokaliseringsprosjekt